

# ARBEIDSPLAN FOR 2024

Året 2023 har vært et rekordstort år for leikarringen. Hausten 2023 har me hatt over 400 enkeltpersoner innom øvingar. I 2024 ynskjar me å halde fram med eit program som når bredd ut, samtidig som det er viktig å byggje, styrke og utvide vår kjernegruppe, og på den måten bygge eit sterkt grunnlag for framtidig rekruttering.

Heilt konkret ser styret for seg følgjande planar for året:

## Dansegroppene

### Leikarringen:

Aktivitetsnivået i Leikarringen auka sterkt på hausten 2023, og me håpar å vidareføre det nivået i året som kjem.

Me vil leikarringen skal fortsette jobben med å inkludere *alle* danseformane innan norsk folkedans, samtidig som det blir eit økt fokus på dei nordiske dansane i forkant av NORDLEK.

Hausten 2023 begynte me med ope hus med dans etter øving. Et sosialt tiltak me ynskjar å halde fram med i 2024.

- Aktivt jobbe for medlemsdrevne aktiviteter.
  - Sette fram til pause
  - Medansvar på øving
  - Nemnder

### Grunnkurs i folkedans:

Me har hatt eit kraftig auke i heilt ferske dansarar. For å oppretthalde nivået på dei ordinære øvingane slik at alle dansarar møtes på eit meir samd grunnlag, begynner me å halde grunnkurs i folkedans kvar tysdag frå 19:00-19:30.

### Ungdomsgruppene:

BULder og brak held frem i 2024, men har fått ein halvtime kortere øvingstid.

Me ønskjer for 2024 å auke antall deltakarar på øvingane.

TrøBUL haldt fram i 2023, og fekk moglegheita til å bli sjølvstyrte. Denne ordninga fungerte godt. Diverre vart det ikkje godt oppmøte på øvingane, og gruppa beslutta å leggja ned i januar 2024.

### Songdansgruppa:

Dei vanlege øvingane i songdansgruppa held fram. Me ynskjer å fortsette å invitere songdansgruppa til leikarringøving kring éin gong i Teatersalen med gode og stødige skiparar. Gruppa ynskjer å ha folkus på "Ormen lange" fram mot stordanskvelden i 2025, og fram mot Nordlek vil arbeidets hovedfokus være "Ved Kristiansand"

### Søndansen:

Søndansen held fram som før i lagsrommet med Folke Flateland som rettleiar.

#### Myretrill:

Hallinggruppa for nybegynnalar, hald fram i året som kjem. Myretrill øver på onsdagar uten rettleiar, og alle som føler seg som nybegynnalar i halling er hjarteleg velkomne. Gruppa ynskjer for året som kjem å halde fram med dei uformelle øvingane kvar uke, få inn instruktør ein til to gangar og delta på kappleik.

#### Framsyningsringen:

Nytt av året 2023 er ein framsyningsring for røynde dansarar. Med ei stadig aukande tilstrøyming av nye medlemmar og dansarar på tysdagsøvingane ynskja me å utvide tilbodet i Leikarringen til dei som ønskjer det lille ekstra. Framsyningsringen øvar annakvar onsdag i partalsveker kl. 18.00 til 20.00.

På øving framover vil fokus være å bygge eit felles framsyningsrepertoar, stille opp på framsyningar og andre oppdrag for Leikarringen. Ringen tevlar ikkje på kappleik som eige lag.

Fram mot NORDLEK kjem Framsyningsringen til å arbeide fram eit program Leikarringen kan stille med på Framsyningskappleiken.

## **Nordisk Sommarleir**

Årets sommarleir i Noregs Ungdomslag blir nordisk, og blir arrangert i forkant av NORDLEK. Leikarringen betalar reise og deltaking for dei i målgruppa som ønskjer å reise.

## **NORDLEK i Arendal 16-21.juli**

Nordlek arrangerast i Arendal i år, og Leikaringen har eit ynskje om å reise med mange medlemmar, og oppmodar våre medlemmar om å melde seg på. Derfor ynskjer vi å sponse medlemmar med deltakeravgifta for dei som ynskjer å søke om det. Leikarringen ynskjer også å leie hus med overnatningsplassar til fleire, slik at vi kan samlast som ei gruppe under arrangementet, og for å styrke det sosiale i ringen. Alle medlemmar som ynskjer det kan difor melde seg på felles overnatting, det er førstemann til mølla prinsippet som gjeld.

## **Opplæring**

Gode danseøvingar krever gode instruktørar. Styret ønskjer å bruke 2024 til å bygge opp instruktørane våre i ringen, og vil særleg prioritere noverande og framtidige instruktørar i barne- og ungdomsgruppene. Leikarringen betalar reise og deltaking på instruktørkursa i Noregs Ungdomslag.

Me har òg, med god hjelp frå Kultivator, søkt om støtte til eit mentorprogram for instruktørar i Oslo som kan få store og gode ringverknader i tida framover.

Ved oppstart av nytt styre ønskjer me å arrangere eit mini-seminar. Som i fjor vil seminaret gje ei innføring i organisasjonen og organisasjonsarbeid. Midlar til dette blir tatt frå rádeveldet.

## Dansefestar

Lønningspolis-konseptet har fungert bra over tid, og skal bli vidareført hausten 2024. Me ynksjer å delta på markeringa av Frøy 100 år, og landsmøtefesten til NU.

## Fordjupingskurs i folkedans

Styret ønskjer å skipe til eitt eller to fordjupingskurs i folkedans i løpet av året. Desse skal bli lagt opp som helgekurs i Teatersalen, og vil vere opne for både medlemmar og andre interesserte. Styret ønskjer innspel frå medlemane på kva tema for desse kursa bør vere.

## Turar og reiser

Å reise på turar og reiser er viktig for å skape samhald og eit godt miljø i ringen. Det blir satt ned nemnder til å arrangere dei ulike turane, anten det er til Bondehytta eller Røros. Styret ønskjer innspel frå medlemane på kva type turar me bør prioritere å få til.

## 17. mai – Nasjonaldagen

Nasjonaldagen er ein merkedag, ikkje berre for nasjonen, men også for aktiviteten i Leikarringen. I år, som før, vil me danse op Karl Johans gate, og vil hjelpe hovudlaget der me trengs for å arrangere Brusteinsball. Me ønskjer også å få til ei framsyning på Ensjøtunet.

## Tevlingsdeltaking

Å delta på tevling er ein viktig brikke i arbeidet med å byggje ringen og miljøet som er aktivt. Det er dessutan eit sentralt ustillingsvindauge for resten av folkedans-Noreg, og slik ein arena vi ønskjer å delta på. Som tidlegare år ønskjer me å delta på Landskappleiken (på Gol) og Oslokappleiken, og vert sett opp som naturleg lågterskelmål for dei som deltar jamnleg på tysdagsøvingane.

## Kunnskapstevlinga Kven Veit?

Kunnskapstevlinga i regi av NU sentralt har blitt fast inventar i vårterminen. Utan resultatar å skryte av dei siste åra siktar vi på nytt mot toppen av kunnskapstabellen og voner at vi i år får full pott gjennom tre runder. I år er tevlingsdagen på tysdagar.

Årets tevlingsdatoer i regi av hovudlaget er:

- Tysdag 30. januar
- Tysdag 20. februar
- Tysdag 12. mars

## Danseoppdrag

Leikarringen blei eigentleg skipa som ein framsyningsring for litt over 100 år sidan, og me har lange tradisjonar for å ta på oss ulike typar danseoppdrag i inn- og utland. Dette har både vore ei viktig inntektskjelde for ringen, men også ei inspirasjonskjelde for dansarane. Det siste året har

me diverre måtte sei nei til mange oppdrag, mest på grunn av manglande administrativ kapasitet i styret. Famsyningsringen vart blant anna starta for å ha ei gruppe å hendvende seg til ved forespurnadar. Administarsjonen hindrar oss framstundes frå å ta på oss enda fleire oppdrag. Styret ønskjer innspel frå medlemmane både på ulike løysingar.

## Blestarbeid

Leikarringen har i mange år hatt eit fokus på god marknadsføring, men me kan framleis bli betre. Faste månadlege nyhendebrev til medlemmane skal me halde fram med, og alle øvingane i Leikarringen skal ha eigne Facebook-hendingar med tilhøyrande grafikkar. I tillegg ønskjer styret å bli betre på målgrupperetta annonsering i sosiale media for å auke merksemda om aktivitetane våre, og for å nå ut til potensielle nye medlemmar.

## Økonomi

Overgangen for å gjøre Leikarringen til å vere ein sjølvstendig økonomisk eining under BUL er er ferdigstilt og gjør det enklere for neste økonomiansvarlig å ta over.

Målet for 2024 er å gjøre overføringen av kassastryrer-vervet enklere. Styret skal også jobbe vidare med å disponere midlane til Ringen og fordele dei på ei meir hensiktsmessig måte på dei høgrentekontoane me har.

## BUL125 år

BUL feirar 125 år og vi vil derfor informere om

- 28. februar: No BULdrar det laus – kaffistova
- 17. mai: Ja, vi elskar BUL – teatersalen
- 15. juni: BUL på tur - Rødkleivhytta
- 17. augsut: BUL på tur – Bondehytta
- 13. september: Natt på BUL – Nynorskens hus
- 12. oktober: Hurra for BUL – Nynorskens hus
- 11. desember: Graut med BUL – Nynorskens hus

Se <https://www.bul.no/125ar/> for meir info